



FORMINGSRETTLEIAR FOR FLORØ

- FARGEBRUK
- SKILT, TILTAK PÅ FASADEN



FLORA KOMMUNE

APRIL 1994



INNLEIING

Flora kommune ønskjer ved denne rettleiaren å invitere grunneigarar, rådgjevarar og utførande til eit betre samarbeid med kommunen ved førebuing og gjennomføring av tiltak på fasader og i offentlege rom som fortau og plassar.

Siktemålet er å etablere ei sameint forståing og respekt for dei positive kvalitetane i bygningsmiljøet vårt som lett vert forstyrra og skjemma av overdrivet skiltbruk, dominerande markiser, sær fargebruk og tilfeldig møblering og belegning av offentlege uterom.

Handboka er vedtatt av Flora bystyre den 14.12.93, sak 104/93, som generell retningsline for kommunen si rettleiing og sakshandsaming, jf plan- og bygningslova § 10-1.

Det formelle utgangspunktet for rettleiaren er plan- og bygningslova sine reglar i §§ 74 nr 2 og 92 om at eit kvart arbeid skal planleggast og utførast slik at det tilfredsstiller rimelege krav til venleik. Det er i denne samanhengen også påpeika at skjemma fargar ikkje er tillatt og kan krevjast endra.

Desse estetiske siktemåla er også uttrykt i lovas §§ 107 om skiltbruk.

Rettleiaren er elles ei naturleg vidareføring av intensjonane i nyleg vedtatt kommunedelplan for Florø sentrum om på den eine sida å ta vare på og utvikle kvalitetane og dei historiske verdiane i byen, og på den andre sida å betre rettleiinga av publikum.

Kommunen ønskjer på sikt å supplere handboka med retningsliner om belegning/møblering av gater, fortau og plasser – sannsynleg etter praktiske erfaringar frå prosjekt i Strandgata og på Torget ved Fylkeskaia.

VIRKEOMRÅDE

Handboka er først og fremst eit tilbod til publikum og huseigarar i Florø sentrum. For deltema og som grunnleggande prinsipp er imidlertid rettleiinga relevant for heil kommunen. Bystyret har på denne bakgrunnen vedtatt følgjande virkeområde for retningslinene:

1. Skiltbruk/tiltak på fasader; heile kommunen.
2. Farge på fasader og takflater; primært Florø.

Ole Molnes
Bygn.reg.sjef



FARGEBRUK – TAK OG FASADER

Denne delen av rettleiaren er utforma i samråd med fylkeskultursjefen og er søkt gitt eit generelt innhald i staden for å gå inn på konkrete individuelle fargeforslag for det einskilde hus. I rettleingsmaterialet vert det også gitt råd om takdekking.

MALTE VEGGFLATER

Fargerettleiaren siktar i første rekke inn mot verneverdig panelarkitektur i gamle Florø sentrum, og er meint som råd i samband med alminneleg vedlikehald. Liknande bygningsmiljø elles i sentrum bør ha sams fargebruk.

Som bakgrunn for rettleiaren har vi funne det teneleg å gje att ei historisk oversikt over vanleg fargebruk i den perioden dei fleste trehus innanfor området er bygde.

Den er utarbeidd av Riksantikvaren for malingsfabrikken Gjøco industrier A/S, og er vist på fargekart for Herregård linoljemaling (som også er utarbeidd i samråd med Riksantikvaren) :

CA. 1850 – 1910 (NYGOTIKK, SVEITSERSTIL, DRAGESTIL, JUGEND)

Etter midten av 1800-tallet ble man innstilt på å vise at tre var bygningsmaterialet. Panelet og undersiden av takutstikket ble derfor malt i farger som skulle imitere nytt treverk. Blek gul oker (1402-i) og blek rødlig oker (1403-i) dominerte fullstendig som panelfarge. Men lyse gråfarger var også i bruk (1410g-i,1417-i). Lys brunlige (1405f-h) og gråfiolette (1409f-h) hus forekom iblant. Listeverk og synlige konstruksjoner ble malt i en kontrastfarge som var mørkere enn et bleke panelet. Rødlig oker (1403, 1403a) gråbeige (1410, 1410a) og grå (1416c-d) nyanser var vanlige.

Vinduer og dører ble som regel malt ganske mørke. RÅ (1410), brent /1409), grønn (1411) umbra eller varm grønt (1413,1414), var vanlig. Dørene ble hyppig malt slik at fyllingane fikk en lysere variant av ramtreets farge. Siden nygotikken og sveitserstilens bygningar helst var frittliggande, ble alle vegger malt likt. Mindre uthus ble malt oker eller engelskrøde som tidligere, men finere utformede uthus kunne få samme fagesetting som våningshuset. Under påvirkning av dragestil og nasjonalromatikk ble husfargene mørkere i siste del av perioden. Brun farge (1405, 1409) på panelet eller tømmeret ble vanlig, men også kraftige farger som okervariantene (1402, 1403, 1404) og de jernoksydrøde nyansere (1406, 1407, 1408) ble brukt. Det forekom mange kontraster, for eksempel mosegrønt (1413). De var som regel varme.

Som kontrast til den tunge husfargen forekom enkelte gråhvite eller hvite bygningar fra og med 1890-årene. Jugendestilen rundt århundreskiftet forekom bleke panelfarger, for eksempel lys, varm grønn (1413-g).

CA. 1930 – 1950 (FUNKSJONALISME)

Rundt 1930 var bruken av engelskrødt (1406, 1407) og oker (1402, 1403, 1404) blitt utbredt. Senere ble fargene noe lysere, og ulike nyanser av for eksempel grålig grønt (1414d-f), blek gult (1420f-h) og lys blått (1418f-g) forekom ofte. Det hendte at toetasjes hus fikk to panelfarger, èn for hver etasje. Vinduene var gjerne hvite, dørene mørke.

I Florø har det utanom kvite (lyse) hus, særleg vore nytta ulike okerfargar og varme grønfargar, men det har også vore mange innslag av lys gul, mellomblått og kalde grønfargar (lyse). I sjøhusmiljøa har det vore brukt mørkare fargar (engelskrød, mørk oker).

Innanfor området er dei fleste trehus bygde mellom 1860 og 1950. Det er også nokre nyare trehus og nokre hus som er totalt ombygde etter 1950. Fargebruken på trehusa har vore variert og skiftande.

Fargebruken er for einskilde hus blitt endra fleire gonger. Fargerettleiaren er ikkje meint som noko krav om å føre husfargane attende til opphaveleg farge.

Ved ommaling av eldre trehus innanfor sentrumsområdet vil vi likevel tilrå at det vert brukt fargar som tidlegare har vore nytta på huset.

Fargar som tidlegare ikkje har vore nytta, kan vurderast av kommunen. Som ein regel skal nye fargar vere lite metta med pigment (lyse).

Nybygg og fasadeendring vert byggemelde, og fargeval skal visast i søknaden. Reglar om dette er ein del av nyleg vedtatt kommunedelplan for sentrum.

Ved ommaling/rehabilitering av eldre hus i Florø sentrum vil vi rå til at fargar nemnt nedanfor vert nytta :

FARGE :	GJØKO HERREGÅRD :	NCS :
Lys oker	1402	4050-Y30R
Mellom oker	1403	5040-Y50R
Mørk oker	1404	5040-Y60R
Gulbrunt	1405	7020-Y30R
Lys engelskrød	1406	5040-Y80R
Mørk engelskrød	1407	6030-Y90R
Dodenkopf	1408	7020-Y90R
Brent umbra	1409	8005-Y50R
Rå umbra	1410	8005-Y20R
Grøn umbra	1411	8005-G50Y
Frisk grøn	1412	6030-G30Y
Mosegrøn	1413	7020-G50Y
Olivengrøn	1414	7010-G70Y
Grøn jord	1415	7010-G30Y
Mørk nøytral grå	1416	Gultona gråskala
Mørk kjøleg grå	1417	Blåtona gråskala
Djup blå	1418	8010-R90B

Fargekoden er knytta til fargekart for Herregård linoljemaling og i tillegg er det teke med tilsvarende fargekodar i NCS-systemet slik at fargane kan blandast i alle fargehandlarar. Koden er for grunnfargen. Dei mest brukte fargane får ein ved å blande denne med 2 til 8 delar kvit.

Aktuelt fargekart er tilgjengeleg hos bygningsssjefen. Fargekartet viser dei nemnde fargane i mørkaste og lysaste variant. I tillegg er det tatt med nokre andre fargar som er nytta ved ommaling av hus i perioden 1930-60. Av teknisk/økonomiske omsyn kan vi dessverre ikkje ta fargekartet inn i handboka.

Dersom ein ynskjer metta fargar (mykje pigment), vil vi tilrå mørk oker, mosegrøn eller raudfargar.

TAKFLATER

Taket er ofte kalla "husets 5. fasade". I dette ligg at også denne delen av bygningen er avgjerande for opplevinga av eit enkelt hus og huset i høve til omgjevnadane. Ved val av takmateriale er det derfor også viktig å ta omsyn til historia til huset og det miljøet huset skal fungere i.

Vanleg brukte takmaterial har vore:

- Lappskifer
- Teglstein
- Bølgeblekk

Alle desse materiala kan nyttast ved reparasjon av tak, men bølgeblekk bør i første rekke berre nyttast på hus som er knytt til sjøen og på mindre uthus.




SKILTBRUK / TILTAK PÅ FASADER

Kommunen sitt motiv for retningliner om dette temaet er først og fremst å komme i ein konstruktiv dialog med handelsverksemdene ut frå eit siktemål om balansert skiltbruk. Eit anna viktig moment må elles vere at skilt ikkje bør vere til sjenanse eller fåre for køyrande og gåande.

I Florø og kommunen for øvrig er skiltbruken nokså moderat og avdempa utan særlege problem for omgjevnadane eller dei farande. Dei skilta som til dagleg er dei mest sjenerande, er dei ambulerande tilbode frå dei store mathusa som vert plassert langs hovudvegane og tilsvarande mindre skilt plassert på fortaua i sentrum.

Når det gjeld skilt på fasader, er det særleg lysande skilt med ei eksponert plassering, som kan vere særleg uheldig for oppleving av einskildbygningar og større område i byen. Dessverre finn vi også døme på butikkfasader overleste med skilt av ulik karakter og utforming som kombinerer gatebiletet på ein negativ måte.

Skilt og liknande tiltak har i lang tid vore eit offentleg anliggande ut frå ulike innfallsvinklar. Reglar om desse tilhøve finn vi både i plan- og bygningslova (§107), veglova (§33), naturvernlova (§15), og dei lokale byvedtektene (§13-16). Tilsvarande er ansvaret fordelt mellom ulike offentlege styremakter; h.v. kommunen, formannskapet/vegsjefen, fylkesmannen og politiet.



RETNINGSLINER FOR SKILTBRUK/TILTAK PÅ FASADE

Retningslinjer skal gje grunnlag for ein medviten og nøktern utforming av skilt og andre tiltak på fasader i Flora kommune tilpassa lokal byggeskikk og eigenart.

1. Skilt, reklameinnretningar o.l skal meldast til kommunen i samsvar med reglane i plan- og bygningslova §107 og veglova § 33.
2. Skilt skal plasserast i tilknytning til verksemda på huset sin hovudfase og tilpassast hovudinngangsdør og vindauge. Skilt skal tilstrebast plassert i etasjeskiljet mellom 1. og 2. etasje og må ikkje skjule viktige bygningsdetaljar som gesimsar, fasadedekorasjonar o.l

Butikkvindu bør ikkje blendast eller tilklebast med reklame. Frittståande skilt langs veg og på fortau bør ikkje tillatast.
3. Skilt skal vere samstemde med fasaden på bygget. Fargar og hovudoppdelinga av fasaden på bygget og nabobygga skal respekterast.
4. Skilt skal vere lett lesbare utan at dette skal fremje større skilt. Tekst bør vere på nynorsk
5. Skilt må ikkje verke blendande eller skape utilsikta refleksar.

I tillegg til punkta 1 – 5 gjeld:

Uthengskilt

Uthengskilt og vimplar skal av omsyn til sikt og ferdsel plasserast tilstrekkeleg høgt og min. 2,5 m over veg/fortau.

Skilta skal maksimalt stikke 1,0 m ut frå fasaden og storleiken skal ikkje overstige 0,5 m².

Malte skilt

Skilt malt direkte å fasade eller annan materialflate kan belysast. Belysningamå plasserast slik at den ikkje sjenerer grannar, trafikantar eller fasaden elles.

Lysskilt

Dominerande lyskasser skal ikkje tillatast. Lysskilt skal utformast slik at gjennomlysing skjer gjennom sjølve teksten og evt. Symbolet i skiltet

6. Skilt som ikkje lengre gjeld, skal demonterast.
7. Markiser skal tilpassast oppdelinga av fasaden, dvs. vindauge- og dør- format og utførast i refleksfritt materiale. Fargar skal tilpassast bygningen og bygningsmiljøet ikring. Markiser skal vere faldbare og plasserast og nyttast slik at dei ikkje er til hinder for trafikken på veg og fortau.
8. Eigar skal halde skilt, markiser, balkadiner o.l i ein slik stand at fare eller vesentleg ulempe ikkje oppstår og slik at innretninga ikkje verkar skjemma.

Vedtatt av Flora bystyre 14.12.93